

Innspel budsjett 2026 – Odd Arne Holstad

Etter mitt syn er forslaget til budsjett frå formannskapet totalt urealistisk. Det verkar som om Folkelista og Framstegspartiet som har styrt Hareid dei siste åra endå ikkje har klart å ta innover seg den katastrofale økonomiske situasjonen til Hareid kommune.

Dersom dette framlegget blir resultatet etter behandlinga i kommunestyre blir det garantert ikkje godkjent av statsforvataren.

Ein kjem dessverre ikkje utanom å måtte ta strukturelle grep som endring av skulestruktur, eigedomsskatt og ikkje minst ein ny debatt om kommunestruktur.